

Vedlegg 1 - MANDAT FOLKEHELSEFORUM VESTLAND

Folkehelseforum Vestland er eit forum for samarbeidspartane i folkehelsearbeidet i Vestland for å styrke det strategiske og heilskaplege folkehelsearbeidet.

Føremålet er:

- Styrke avtalebasert samarbeid i Vestland mellom ulike aktørar innanfor folkehelsefeltet.
- Styrke samhandling og samordning - mellom fylkeskommunen, kommunane og FoU-miljø og andre relevante aktørar - om kunnskapsutvikling og tiltaksutvikling med verdi for Vestland.

Samarbeidet gjeld:

1. Bidra til tydelegare vegval og retning i folkehelsearbeidet i Vestland fylke

- Legge berekraftsmåla til grunn for arbeidet og vere pådrivar for å styrke innsatsen for sosial berekraft, i dette redusere sosiale helseskilnader, som bidrag til folkehelsearbeidet i Vestland.
- Utvikle overordna strategiske føringar for arbeidet og bidra til retningsval for utvikling av tversgåande satsingar/prosjekt i fylket på grunnlag av oppdatert kunnskapsgrunnlag (folkehelseoversikta, fylkeshelseundersøkingar og anna).
- Folkehelseforum har gjeldande utfordringsbilete, handlingsprogram og andre relevante tiltaksområde innan levekår og livskvalitet, som grunnlaget for arbeidet.
- Samarbeidsorganet skal bidra i utviklinga av handlingsprogram til Regional plan for folkehelse og ev framtidige regionale planar for folkehelse.
- Samarbeidsorganet skal bidra til at oversiktsarbeidet (folkehelseoversikta) i Vestland har høg, fagleg kvalitet og at det tek opp relevante problemstillingar.

2. Program for folkehelsearbeid i kommunane (barn og unges psykiske helse og livskvalitet, 0-24 år)

Programmet varer frå 2017 til 2027.

- Folkehelseforum Vestland skal gje fylkeskommunen råd om planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltaka i kommunane. Regionalt samarbeidsorgan gir fylkeskommunen råd om kva prosjektsøknadar som kvalifiserer til å få støtte frå midlane i programmet og råd om ramme for tildeling av midlar.
- Folkehelseforum Vestland skal bidra til samordning av programarbeidet. Forumet skal halde seg orientert undervegs i tiltaksperioden om utviklingsarbeidet i dei kommunane som har fått økonomisk støtte.

Samarbeidsprinsipp

- Deltaking i Folkehelseforum Vestland er forpliktande og forankra i leiinga i den respektive organisasjon deltakaren representerer. Regionalt samarbeidsorgan skal ivareta heilskapen i folkehelsearbeidet.
- Folkehelseforumet bygger sin innsats på eksisterande oversiktsarbeid, planar, innspel frå medlemne og nettverk.
- Folkehelseforumet er ein felles møteplass for erfaringsutveksling og drøfting av strategiar og samarbeidstiltak.
- Om aktørar i Folkehelseforumet, åleine eller i samarbeid med andre, utarbeider analysar eller rapportar og utviklarprosjekt med utgangspunkt i arbeidet til forumet er det naturleg å formidle dette tilbake.

Arbeidsform

- Folkehelseforumet møter minimum to ganger årleg. Møteplanen vert laga årleg i desember.
- Det skal sikrast gode rutinar for kommunikasjon og informasjonsflyt mellom aktørane, både internt og eksternt.
- Vestland fylkeskommune har leiarvervet og sekretariatsfunksjonen i Folkehelseforum Vestland.
- Det kan etablerast arbeidsutval (t.d. i folkehelseprogrammet) og arbeidsgrupper/referansegrupper ved behov.

Medlemmar

Det er tenkt inntil 22-25 medlemmar for å sikre brei representasjon. Alle medlemmer skal ha vararepresentant. Medlemmane med vara vert valde, som hovudregel for 3 år om gangen.

Vestland fylkeskommune inviterer inn organisasjonar som vel eigen representant med vara.

Organisasjonar som er tenkt inviterte til i Folkehelseforum Vestland.¹

Type organisasjon	Namn	Tal medlemmar
Kommunane	Regionråd.	4
	Bergen kommune	1
Statlege aktørar	Fylkesmannen Vestland	1
	NAV Vestland	1
Statlege kompetansesentra	Regionalt kunnskapssenter for barn og unge, (RKBU9, NORCE, ressursenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging, (RTVS Vest, vara), KoRus Vest Bergen	2
Helseføretak	Ikkje vurdert ved oppstart	1
Høgskular, Universitet og forskingsmiljø	Høgskulen på Vestlandet	1
	Universitet i Bergen v/Institutt for helse, miljø og likeverd (Hemil),	1
	Folkehelseinstituttet avd. for helsefremjande arbeid Bergen	1
Frivillig sektor – store regionale aktører	Røde Kors	1
	Ikkje vurdert fleire ved oppstart	1
Andre organisasjonar	Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)	1
	Sum eksterne	14 -16
Vestland ungdomsutval	Vestland ungdomsutval	2
Vestland fylkeskommune	Folkehelseringen	2
	Fylkesdirektør Seksjon for strategisk utvikling og digitalisering	1
	Seksjonsleiar Plan, klima og folkehelse	1
	Sum Totalt	21-23
	Sekretariat	

¹ kan bli justeringar.

² etter samråd med KS vil det bli sendt invitasjon til alle regionråda som vel enten medlem eller varamedlem

Evaluering

- Arbeidet i Folkehelseforum Vestland skal evaluerast – for å revurdere og justere arbeidsform, samansetjing og mandat. Det skal utviklast system for evaluering med tidspunkt for dette.